

Årsmelding for Vikøy sokneråd 2025



Foto: Frankie Andrianaivo



Foto: Torild Granhaug, Kirkesøk.no

Vikøy sokneråd i 2025:

Vetle Karlsen Eide (sokneprest)

Astrid Helleve Fylkesnes (leiar)

Solfrid Storaker Lindøy (nestleiar)

Gudrun Skeie Langeland (sekretær)

Erling Lyngset (kasserar)

Tove Fjell

Magne Kolstad

Varamedlemmer:

Brynhild Eide

Helene Flakstad Oma

Randi Valland Eide

Soknerådsarbeidet i 2025

Soknerådet har hatt 8 soknerådsmøte og 8 arbeidsutvalsmøte i 2025, fire møte på våren og fire på hausten.

57 små og store saker er blitt handsama. Av saker me har hatt fokus på, kan nemnast:

- Trusopplæringa og konfirmantarbeidet
- Ulike arrangement i regi av soknerådet og av soknerådet i samarbeid med andre
- Innsamling til LED-lys rundt Norheimsund kyrkje
- Utsmykning med ikon til Norheimsund kyrkje
- Ny samarbeidsavtale for kyrkjelyd og misjon i samarbeid med alle sokna i Kvam

Arbeidsutval:

Arbeidsutvalet for soknerådet har vore samansett av sokneprest, leiar og nestleiar. Kasserar vert kalla inn

ved behov.

Soknerådet sine representantar i Kvam kyrkjelege fellestråd

Astrid Helleve Fylkesnes – personleg vara: Erling Lyngset

Magne Kolstad – personleg vara: Tove Fjell

Frivillige medarbeidarar:

Om lag 50 personar deltek med frivillig arbeid i kyrkja i mange ulike oppgåver, som medhjelparar i samband med gudstenestene, i song og musikk, diakoni og trusopplæring og andre oppgåver.

Tilsette/staben i Kvam kyrkjelege fellestråd med arbeid i Vikøy sokn:

Sokneprest i Vikøy og Strandebarm: Vetle Karlsen Eide

Sokneprest i Ålvik og Øystese: Norunn Rød Markhus

Olav Skeie Lid, kyrkjeverje/dagleig leiar 100 %

Mampion Andriamandimby, kateket 100 %

Sevinj Asgarova Øvrehus, kontor 100 %

Bjørn Kåre Thorvaldsen, kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar 100%

Heine Ugletveit, kyrkjegardsarbeidar 100 %

Franckie Andrianaivo, kyrkjetenar 100%

Ulf Krupka, kontor 80 %


Inger Karin Tordal, sakshandsamar 80 %

Julie Haaberg, kyrkjelydspedagog, 70%

Solveig Sangolt, kyrkjelydspedagog (permisjon deler av 2025)

I Vikøy sokn er det frivillige som har gjort klokkarteneste også i 2025. Lønsumgiftene har gått som tilskot til soknerådet. Klokkarteamet i 2025 har vore Ingvill Sørheim, Elin Vestbøstad, Borghild Tufteland og Olav Skeie Lid.

Gudstenestelivet i kyrkjelyden (2024-tal står i parentes)



Tabellen er henta frå Den norske kirkes medlemsregister og menighetenes årsstatistikk for 2025 (i Kirka vår)

Det blei halde 35 (33) gudstenester på vanlege sundagar og heilagdaggar med til saman 4675 (3744) personar til stades. Det har vore halde 2 (6) gudstenester utanom sundagar og helgedagar med 406 (1223) personar til stades. Me merkar oss at gjennomsnittstalet på gudstenester på vanlege søndagar og heilagdaggar har gått opp med rundt 20 personar, frå 113,5 i snitt til 133, 5 i snitt, det er gledeleg! Totalt har det vore halde 37 (39) gudstenester med 5081 (4967) frammøtte. Av desse 37 (39) gudstenestene har det vore 5 (5) hovudgudstenester særleg tilrettelagde for barn og ungdom med tilsaman 744 deltakarar. Det er også jamleg andaktar på institusjon eller aldersheimar, til saman 10 (20) andaktar i 2025.

I 2025 er 25 (16) blitt døypte, og 46 (21) ungdommar blei konfirmerte. Også 10 (8) par er blitt vigde, og 28(39) personar er blitt gravlagde.

Trusopplæringa

I Kvam er det også i 2025 god oppslutnad om trusopplæringstiltaka. Det er svært gledeleg! I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine. Vår og haust 2025 arrangerte kyrkjelyden babysong og småbarnstreff (1-6 år). På småbarnstreff møter det i gjennomsnitt 13 born + foreldre. Babysong er eit felles tiltak for alle sokna i Kvam, og i 2025 var det 12 deltakarar frå Vikøy sokn om våren og 15 om hausten.



På vårparten 2025 vart det arrangert ulike trusopplæringstiltak, «Tårnagent» (27 av 42 inviterte møtte) , «Kyrkjekino» (34 deltakarar), «Legoklubb» (24 av 31 inviterte møtte), «Krølletreff» (29 av 34 inviterte møtte) og 6-årsbok (16 av 26 inviterte møtte). Hausten 2025 var det utdeling av 4-årsbok på familiegudsteneste (24 av 36 inviterte).

31. oktober arrangerte soknerådet og staben Vennefest. 85 born var påmeldte, det var som vanleg god stemning og ein flott fest i kyrkja.



I 2025 var det både påskevandring og krybbevandring for barnehagegrupper i kyrkja for Norheimsund

barnehage og Sandven FUS barnehage. Tørvikbygd barnehage fekk besøk av kateketvikaren. Til jul vart det arrangert skulegudstenester der Friskulen og Norheimsund skule tok del. I tillegg var det samarbeid med Norheimsund Friskule om påskekudsteneste på Sjusete.



Skuleåret 2024-2025 hadde Vikøy sokn eit stort konfirmantkull med heile 48 konfirmantar. Konfirmantane møtest jamleg frå september til mars til undervisningsøkter i Norheimsund kyrkje. I tillegg har konfirmantane teke del på gudstenester og ulike aktivitetar. I vinterferien 2025 var 80 av konfirmantane i Kvam på konfirmantleir på Framnes, KonfACTION Vest - KRIK. Før påske samarbeida soknerådet med konfirmantane om Fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp, det var samla inn både i kontantar og på Vipps, til saman nesten 70 000. Soknerådet laga også til konfirmantfest etter samtalegudstenesta med middag og enkel underhaldning. Her var både konfirmanten og føresette inviterte og det vart godt oppmøte og ei fin samling.

I konfirmantkullet 2025/26 er i gang. Ein fin gjeng som deltar som kyrkjevertar og som har eigne konfirmantsamlingar. Nytt av året var felles «kick-off» samling i Norheimsund for alle konfirmantane i Kvam. Det vart ei kjempeflott samling med mange aktivitetar i strålende vêr, veldig god stemning. Prestane og kateketen deltok saman med frivillige frå soknerådet og fleire ungdommar frå Framnes. Det er noko me gjerne vil få til igjen.

I 2025 har Elin Vestbøstad, Ingvill Sørheim og Solfrid Storaker Lindøy tatt ansvar for søndagsskulesamlingar. Det har som regel vore ein liten gjeng med dåpsborn og andre born som har møtt opp, men på samlinga på 1. påskedag var det fullt opp med både born og vaksne. Det er svært varierende oppmøte på søndagsskulen, og soknerådet har no bestemt at framover skal me ikkje tilby søndagsskule kvar gong det er gudsteneste, me planlegg heller samlingar på dagar me veit det vil kome mange born.

I soknet blir det elles drive mykje godt barne- og ungdomsarbeid. Her vil ein spesielt trekkje fram Origo ungdomsklubb og Junior-Ving i tillegg til barnekoret Shine og Norheimsund og Øystese Ungdomskor. Soknerådet har også i 2025 vore med å støtta NØUK med midlar til dirigentutgifter. Ungdomskoret deltok på lysmessa 1. søndag i advent og Shine deltok på gudsteneste i desember.

Diakonalt arbeid

Føremiddagstreffa har også i 2025 vore eit samarbeid mellom kyrkjelydane i Øystese og Vikøy. Komitèen er Erna Tveitnes, Arvid Strømme, Eli Kvarv, Kirsten Melstveit og Gunvor Utne Meland, i tillegg er begge sokneprestane med. Det vert arrangert om lag eit treff i månaden, vekselvis i Øystese og Norheimsund. Det har vore 30 - 35 deltakarar på arrangementa, og med eit variert og spennande program med både lokale og inviterte gjester frå andre stader. I juni vart det arrangert tur til Utvandarsenteret på Radøy. Før jul inviterte

heile staben til føremiddagstreff i Norheimsund.



Også i 2025 har Kyrkjeklubben vore samla til månadlege samlingar. Ein har først ei kort gudsteneste og deretter kveldsmat. Det er god oppslutnad om desse samlingane, om lag 30 tek del kvar gong. I samband med gudstenesta fastelavenssundag, var det kyrkjekaffi med fastelavnsbollar, eit høgdepunkt! Om hausten var det søndagsgudsteneste for alle 9.

november. Frivillige medarbeidarar i Kyrkjeklubben frå Vikøy sokn er Gudrun Skeie Langeland og Hildegunn Skeie Sandven, og frå Øystese sokn er Gullaug Laupsa og Eli Kvarv med. Frå staben er Vetle og Olav med.

Dei som hadde mista nokon siste året, vart spesielt inviterte til gudsteneste helgemessesøndag i Vikøy kyrkje. Mange møtte opp for å vere med på denne gudstenesta.

Samlingane for innvandrarar med Tor Håkon Berge og KIA i Norheimsund kyrkje vart avslutta grunna reduksjon i stilling. Det har vore språktreff på Bedehuset og på biblioteket, så sjølv om me gjerne skulle hatt dette arbeidet vidare i kyrkja, veit me at det finst fine møteplassar for dei som er nye i bygda vår.

Det har lenge vore eit ønske å starte opp med sorg-grupper i soknet. Her er det kome førebuingar i gang, Brynhild Eide og Audun Aase håpar å kunne starte opp med eit slikt arbeid i løpet av 2026.

Kulturkomitèen

Kulturkomitèen i Vikøy sokn var aktiv også i 2025, og me fekk mange fine arrangement. I februar fekk me besøk av Leif Magne Helgesen frå Sjømannskyrkja med foredraget «Håp i ei uroleg verd», og i april var det Gospelfredag i samarbeid med Olav og Ulf frå staben. I haustsemesteret kom Geir Gundersen med fordraget «Mi sorg er lys» og i oktober hadde me samarbeid med Kvammaveko og fekk Frode Thuen på besøk, tema var: «Når verda vaklar treng me kvarandre». Arrangementa var godt besøkte, særleg det siste arrangementet. Her var lettveggen i kyrkjelydssalen opna, og det var heilt fullt! Tove Fjell, Sverre Lindøy, Helga Sørhus, Ragna Helene Soldal, Oddbjørn Vestbøstad og Vetle Karlsen Eide har sete i komitèen.

Bøn

Onsdag 18 BØN er ei bønegruppe som samlast kvar onsdag kl.18 i kyrkja for å be for kyrkje og bedehus, for

lokalsamfunnet, landet og verda og for misjon og forfølgde kristne i verda. Bønegruppa tok også i 2025 initiativ til bøneveke for Kvam. Saman med Norheimsund indremisjon inviterte me breitt til alle kristne



kyrkjelydar og forsamlingar i Kvam, og ein eigen komitè var sett ned. Bøneveka i 2025 vart arrangert 19. – 26. januar, det var arrangement i bedehuset i Norheimsund og i kyrkjene i Kvam. I Norheimsund kyrkje var det mellom anna middagsbøner og 25. januar var det bønelaurdag med bøn frå klokka 09.00 til 21.00. Solrunn Nes hadde ikon-utstilling i kyrkjelydssalen. Gudsteneste og bøn livet er puls-sлага i kyrkja.

Soknerådet er svært glade for dei faste bønesamlingane, og me gler oss over at me kan samarbeide på tvers av forsamlingar og kyrkjесamfunn i Kvam om bøneveka. Det er Borghild Tufteland som leiar arbeidet med Onsdag 18 bøn og som også har stått i spissen for bøneveka frå Vikøy sokn.

Mange trufaste kyrkjegjengarar er med på å be særskilt for konfirmantane våre. Me takkar for at de står i denne fine tenesta og tar konfirmantane med i bønene dykkar!

Misjonsarbeid

Ulike misjonsorganisasjonar er representerte med foreiningar og anna verksemd i soknet vårt. Soknerådet har i mange år hatt ein samarbeidsavtale, SMM-avtale, med HimalPartner. Den gjaldt også i 2025. Me har støtta arbeidet med ofringar og forbøn. Tore og Ragnhild Skeie har opp gjennom åra bidrege med sitt engasjement og sin kunnskap om HimalPartner i gudstenester og trusopplæring, det er me svært takksame for!

Saman med dei andre sokna i Kvam vart det i 2025 bestemt at me ønskjer å inngå ein ny samarbeidsavtale. Det er ingen dramatik i det, men ein tanke om at det er sunt å veksle samarbeidsorganisasjon innimellom. Det kan vere med på å skape nytt engasjement, det er også mange misjonsforeiningar i bygdene våre, og det kan vere greitt at me vekslar på kven me støttar. Det var eit ønske frå alle sokna at me har same misjonsorganisasjon, og me har saman valt NMS som ny samarbeidsorganisasjon. Me skal støtte tre ulike prosjekt på Madagaskar. Det vert markering for den nye misjonsavtalen på gudsteneste i løpet av 2026.

Dugnader



Soknerådet arrangerte dugnader i mai utanfor begge kyrkjene. Det var mykje rydding, raking, klipping og lusing, slik at kyrkjeparkane ser fine ut. I Vikøy tok også ein dugnadsgjeng med Ottar Byrkjeland i spissen tak og reparerte putene i kyrkjebenkane og kyrkjetrappa. Soknerådet er svært takksame for den store innsatsen som vart lagt ned, både inne og ute! (Foto: Olav Skeie Lid)

Kyrkjemusikalsk arbeid

Kantorane deltek i planlegging av gudstenester og det kyrkjemusikalske arbeidet. I tillegg er andakter på Toloheimen og Tolo omsorg viktig i kantorane si teneste. I samband med gudstenester hentar dei av og til inn lokale krefter som tek del i gudstenestene, særleg i samband med høgtider. Me hadde også musikalsk besøk frå Bergen, Frelsesarmèen sitt hornorkester deltok på gudsteneste på vårparten.

Kyrkja i Norheimsund er mykje brukt som konsertlokale for både kor og korps. I 2025 har det vore 8 konsertar med ulike eksterne arrangørar i kyrkjene våre, både lokale og tilreisande, i tillegg nemner me Norheimsund og Øystese ungdomskor sin konsert før påske og julekonserten dei hadde saman med Garness.

I november hadde me også «Lyskonsert» til inntekt for led-lampar i kyrkja. Her deltok kantorane saman med Heims musikklag og Laudamus. Det kom mange reaksjonar då flaumljosa ein perioda var av økonomiske årsaker. Soknerådet tok då initiativ til å byte til led-lampar, slik at kostnadane vert vesentleg reduserte. Me er svært takksame for innsatsen frå alle som bidrog! Det har gjeve oss nye og miljøvenlege flaumljos på kyrkja vår.

Arbeid med ikon til Norheimsund kyrkje

Det noverande soknerådet har hatt eit ønske om å få utsmykke Norheimsund kyrkje med ikon måla av Solrunn Nes. Dette har også vore drøfta i tidlegare sokneråd. Brynhild Eide og Tove Fjell har vore komité for arbeid med ikon til Norheimsund kyrkje. Det er utarbeida eit forslag som no er sendt til biskopen for godkjenning. Me trur at Norheimsund kyrkje vil bli berika av ikona og at dei saman med altertavla vil forkynne evangeliet for alle på sin eigen måte. Ikon er ei kunstform som er kjent i den verdsvide kyrkja, det er også eit poeng at mange innvandrarak kan kjenne seg igjen i ikona. Me håpar og trur på eit positivt svar på søknaden til biskopen.

Soknerådet sin økonomi

Soknerådet sin økonomi er stabil. Me legg gledeleg merke til at kollektinntektene har auka dette året, for første gong på fleire år, både til eige arbeid og til andre. Dette i eit år der me har gjeve 70.000 til innkjøp av miljøvenleg flaumljys til kyrkja. Me er takksame for givargleda i kyrkjelyden! Soknerådet ønskjer å gå til innkjøp av ikon, det er også i gang arbeid med å skaffe nytt flygel til Norheimsund kyrkje i samarbeid med Hardingtonar, her er også fellesrådet involvert.

Kort oppsummering

Det er kjekt å sjå at kyrkja vår også i 2025 er fylt av menneske som deltar i gudstenesteliv, trusopplæring, diakoni og konsertar. Kyrkja er eit samlingspunkt i alle fasar i livet, i glede og i sorg, til gudstenester og bøn, til konsertar, temakvelder og til fellesskap med kvarandre. Ekstra gledeleg er det at gudstenstedeltakinga har gått opp i 2025. Det skjer mykje, men det er også mykje meir me gjerne vil gjere, særleg på det

diakonale planet. Me er takksame for at det ser ut til at me kan få til sorggrupper i 2026 ved hjelp av frivillige medarbeidarar. Soknerådet er også svært takksame for den flotte staben som jobbar i kyrkja i Kvam og for all innsats dei gode frivillige medarbeidarane våre som er med å gjere Vikøy sokn til ei levande kyrkje for alle som bur her.

Norheimsund, 26.02.2026

For Vikøy sokneråd,

Astrid Helleve Fylkesnes (leiar)